



Innkalling av Utval for helse og omsorg

Møtedato: 08.06.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast på e-post til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det planlagde arbeidsmøtet om samfunnsdelen i kommuneplanen blir ikkje gjennomført i dette møtet.

Sakliste

<u>Saknr</u>	<u>Tittel</u>
017/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/21	Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2021
019/21	Meldingar til utval for helse og omsorg

1. juni 2021

Ståle Juvik Hauge
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/21	Utval for helse og omsorg	08.06.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/21	Utval for helse og omsorg	08.06.2021

Godkjenning av møteprotokoll 20.04.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

21.04.2021 Protokoll - Utval for helse og omsorg - 20.04.2021 1546983



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 20.04.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 08:30 - 13:45

Det var arbeidsmøte om samfunnsdelen i kommuneplanen kl. 08.30-11.00.
Møtestart for vedtakssaker var kl. 12.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Thore Helland	UAVH	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	May-Irene Wergeland - SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leni Dale-kommunalsjef, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Det var 7 av 8 medlemmar til stades i utvalsmøtet. Varamedlem Ole-Christian Dale (UAVH) var innkalla som vara for Thore Helland (UAVH) til ordinært møte kl.12.00, men var fråverande.

Før ordinært møte var det arbeidsmøte om samfunnsdelen i kommuneplanen. Frå administrasjonen deltok Line Thuen Waage-samfunnsplanleggar, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Sondre Sognnes Haugen-rådgjevar Plan og analyse,

Sakliste

Saknr	Tittel
012/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/21	Godkjenning av møteprotokoll utval for helse og omsorg 09.03.2021
014/21	Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholholdig drikk bokstav b
015/21	Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport
016/21	Meldingar til utval for helse og omsorg 20.04.2021

012/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 20.04.2021:

Behandling:

Utval for helse og omsorg godkjenne innkalling og saksliste.

HO- 012/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

013/21: Godkjenning av møteprotokoll utval for helse og omsorg 09.03.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 20.04.2021:

Behandling:

Utval for helse og omsorg godkjenne møteprotokoll for 9.mars.

HO- 013/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

014/21: Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan 2020 -2024 Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b vert endra til:
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagane kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salsida til klokka 16.00.

Eldreråd 19.04.2021:

Behandling:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

ER- 017/21 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Else Marie Dale-Krf)

RMNF- 019/21 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 20.04.2021:

Behandling:

Else Marie Skartveit Dale (KRF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:
Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:
Setning som lyder som følgjande vert stroke: Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Framlegg frå Skartveit Dale fekk 1 røyst og fall.
Rådmannen sitt framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke mot 1 røyst (Ese Marie Skartveit Dale (KRF)).

HO- 014/21 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:
Alkoholpolitisk plan 2020 -2024 Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b vert endra til:
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdaggar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.

015/21: Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressuseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringsstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

Eldreråd 19.04.2021:

Behandling:

Leni Dale-kommunalsjef orienterte i saka.

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg.

ER- 020/21 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader.

Ungdomsråd 19.04.2021:

Behandling:

UR- 023/21 Vedtak:

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:

Behandling:

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 017/21 Vedtak:

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

Utval for helse og omsorg 20.04.2021:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte og svarte på spørsmål.
Utval for helse og omsorg vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 015/21 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

016/21: Meldingar til utval for helse og omsorg 20.04.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 20.04.2021:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte om status korona/vaksinering.
Ho orienterte også om plan for innflytting i Helsehuset.

Utval for helse og omsorg tok meldingar til orientering.

HO- 016/21 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/21	Utval for helse og omsorg	08.06.2021

Meldingar til utval for helse og omsorg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar/orienteringar:

1. Orientering om kvalifiseringsprogrammet KVP v/Jane Britt Daae-leiar NAV Alver
2. Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor HO – orientering om framdrift og milepel v/prosjektleiar Helge Kvam